

Til alle husstandar i Øygarden kommune

Bygdebok for Øygarden – Ber om utfylling av skjema for person- og busetnadsopplysingar

Øygarden kommune skal no få fire band med gards- og ættesoga (slektshistorie) og to band med allmennsoga. For å sikre best mogeleg kvalitet ber vi om å få samle inn personopplysingar. Det vil skje ved hjelp av skjemaet som er lagt ved her.

Slektssoga skal omfatte familiar frå 1600-talet fram til og med år 2000. Alle fastbuande i Øygarden som har budd meir enn 5 år i kommunen, skal med i gards- og ættesoga. Om ei familie vart etablert (gift eller sambuarar) i 2000, skal alle borna deira med i ættesoga. Opplysningar om dei som er fødde før 2001 skal takast med og ajourførast opp til publiseringsåret. Det same gjeld dødsfall etter 2000. Om ein ynskjer å gje opplysningar etter år 2000 vil det vere ein fordel og det vil bli arkivert som eit slektsarkiv hos Øygarden kommune. Forfattaren vil også i den grad det let seg gjere ta med opplysningar om fritidsbustader. Årsaka til dette er at mange av dei som har hatt eller har fritidsbustad i Øygarden, har ein slektstilknytning til Øygarden. I tillegg er fleire av fritidsbustadene vorte heilårsbustader.

For tida etter 1935 er det meir krevjande å finne offentlege kjelder fordi dei delvis er sperra etter reglar om personvern. Til dømes er alle statlege folketeljingar og adopsjonsopplysingar sperra i 100 år. Adopterte vil stå som barn saman med adoptivforeldra utan skal stå at dei er adoptert. Fosterbarn / pleiebarn vil ein ta med til cirka 1930.

Me ber folk om å fylle ut opplysningar om eiga familie. Dess betre opplysningar me får inn, dess betre kvalitet vil det verte i gards- og ættesoga. Første bandet av gards- og ættesoga skal etter planen vere ferdig i 2020 og dekke området som tidlegare var Hjelme kommune.

I 2019 skal det også engasjerast ein forfattar til å skriva allmennsoga for Øygarden. Til saman vert det seks band med soga om folket og livet i Øygarden, og desse bøkene skal vere rikt illustrerte. Me veit at folk i Øygarden har mange gamle og nye fotografi som kan fortene ein plass i bøkene, og me ber om å få låne historiske bilete frå 1800-talet og heilt fram til 1990-åra. Det kan vere fotografi av bryllaup, gravferd, arbeid, gard, bilete av handel eller industri, gardsbilete eller fotografi av båtar eller bilar. Me håpar at mange vil låne ut bilete til bygdebøkene for Øygarden. Dei som vil dele gamle foto kan ta kontakt med Kystmuseet i Øygarden, eller berre merke det av i skjemaet, så vil bygdeboknemnda ta kontakt med deg.



Send inn skjema for din familie

Øygarden kommune oppmodar alle om å fylle ut personskjema for person og busetnadsopplysingar i Øygarden og returnere **innan 31.01.2019**. På den måten får me eit produkt me alle kan vere stolte av.

Det er ønskeleg at de nyttar digitalt skjema som de finn her <https://oygarden.kommune.no/bygdebok>, eller de kan nytta skjemaet som ligg vedlagt. Til hjelp i utfylling ligg det også ved skjema der døme på tekst er merka med raud skrift. Ta vare på miljøet og bruk konvolutten som returkonvolutt når du leverer.

Om du treng fleire papirskjema kan desse skrivast ut frå denne nettadressa over, eller kontakta servicetorget på telefon 56 38 20 00.

Vennleg helsing

Børge Haugetun
Ordfører i Øygarden